



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Barne- og ungdomsarbeidar/assistent, skule/SFO - tilkallingsvikarar

Stillingsinformasjon

Sagstad skule har behov for barne- og ungdomsarbeidarar/assistetar som kan kontaktast ved behov for vikarar. Det kan også bli aktuelt med kortare eller lengre vikariat.

Arbeidsplass

Sagstad skule er ein barneskule med 455 elevar som ligg i kort avstand frå kommunesenteret Frekhaug. Det er god kollektivtransport til og frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen er under ½ time.

Skulen har stort fokus på eit godt og inkluderande miljø, både blant elevar og dei tilsette.

Kvalifikasjonskrav

Fagbrev som barne- og ungdomsarbeider er ynskjeleg, men vi oppmodar også personar med relevant erfaring/realkompetanse til å søka.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.
God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 15.09.2019

Utlyst dato 27.08.2019

Vårref

189/19

Kontaktperson

Magne Lædre, Rektor Sagstad skule, tlf: 56171310, magne.laedre@meland.kommune.no